



**ÅRSMELDING 2019**

**FOR KONTROLLUTVALET**

**I**

**STORD KOMMUNE**



Foto: Hogne Haktorson

## 1 **Føremål og oppgaver for kontrollutvalet**

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. I «Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar» finn ein i kap. 3 «Alminnelige regler om kontrollutvalgets ansvar og oppgaver». I § 4 står det mellom anna:

*«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret, herunder påse at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»*

## 2 **Samansetjing av kontrollutvalet**

Kontrollutvalet for perioden 2015 – 2019 var slik samansett:

Fredrik Litleskare (H)	leiar
Peggy Husevik Bærøy (V)	Nestleiar
Odd Ståle Larsen (Frp)	medlem
Anna Herborg Førland (Ap)	medlem
Tarjei Haga (Ap)	medlem

For valperioden 2019 – 2023 er desse valt:

Fredrik Litleskare (H)	leiar, og kommunestyremedlem
Stian Djuvslund (FrP)	Nestleiar
Rigmor Svanberg (FrP)	medlem
Astrid-Cecilie F. Aleksandersen (Ap)	medlem
Tore Jubskås (Sp)	medlem

Minst ein av dei valde skal og ha sete i kommunestyret. Fredrik Litleskare har vore kommunestyremedlem i begge valperiodane.

## 3 **Om verksemda til kontrollutvalet i 2019**

- Kontrollutvalet i Stord kommune hadde 5 møter i 2018 og handsama 65 saker.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt når dei har vorte innkalla.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

## 4 Sekretariatsordninga

I kommunelova § 77 pkt.10 står det at kommunestyret skal sørge for sekretærbistand til kontrollutvalet. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon.

*Utdrag frå § 20 i Forskrift om kontrollutvalg - «Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalget har sekretærbistand som til enhver tid tilfredstiller utvalgets behov. Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og et utvalgets vedtak blir iverksatt. Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen. Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til kommunens administrasjon.»*

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Stord kommune. Hogne Haktorson har vore sekretær på møta.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Kvinnherad, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Odda, Voss, Fusa, Øygarden, Sund, Samnanger, Vaksdal og Askøy. Dessutan for kontrollutvalet til Bergen kirkelige fellesråd.

I 2015 vedtok kommunestyret å lysa sekretariatstenester for kontrollutvalet ut på anbod. Etter anbodskonkurranse gjorde kommunestyret slikt vedtak i møte 24.11.16 (sak PS 86/16):

*«Hordaland fylkeskommune vert vald til leverandør av sekretariatsteneste for kontrollutvalet i perioden 01.01.2017 til 30.07.2020, med opsjon på ytterlegare 2 år».*

## 5 Revisjonstenesta og revisjonsordninga

### Revisjonstenesta.

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er å jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Stord kommune har nytta kjøp av revisjonstenester som revisjonsordning frå 01.01.2006. Revisjonsordninga vart vurdert av kontrollutvalet og kommunestyret hausten 2016, og kommunen valde å halda fram med denne revisjonsordninga.

Kontrollutvalet har handtert konkurranse om revisjonstenester for perioden 01.07.2017 til 30.06.2021. Utvalet innstilte på KPMG, og kommunestyret engasjerte KPMG for noverande avtaleperiode.

KPMG har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

*På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).*

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørane. Ansvarleg revisor har vore partner i KPMG Willy Hauge. I tråd med regelverket er eigenvurdering for at KPMG er uavhengig i høve til Stord kommune, lagt fram for kontrollutvalet.

## 6 **Arbeid med forvaltningsrevisjon. Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 om Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyd slik:

*”Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.  
Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.”*

Gjeldande plan for forvaltningsrevisjon vart utarbeida av Deloitte AS, på bestilling frå kontrollutvalet. Etter at planprosessen var ferdig, laga kontrollutvalet innstilling til kommunestyret på plan for forvaltningsrevisjon for 2016 – 2020. Planen vart vedteken i kommunestyremøte 24.11.2016 (Sak PS 84/16).

På kontrollutvalet sitt møte 11.12.2019 bestilte utvalet oppstart av nytt planarbeid, og ba KPMG gjennomføra risiko- og vesentlegvurderingar i Stord kommune, samt utarbeida forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024.

### 6.1 **Gjennomføring av prosjekt innan forvaltningsrevisjon**

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytta for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar. Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I forskrift for kontrollutval står det at «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon.»

Pkt. 6.2 og 6.3 gjeld nye forvaltningsrevisjonar.

Pkt. 6.4 og 6.5 gjeld oppfølging av tidlegare leverte forvaltningsrevisjonar.

### 6.2 **Forvaltningsrevisjon innan tenestetilbodet som gjeld rus og psykiatri.**

Kontrollutvalet bestilte hausten 2018 **Forvaltningsrevisjon innan tenestetilbodet som gjeld rus og psykiatri overfor aldersgruppa 13 – 30 år.**

Rapport etter forvaltningsrevisjonen vart handsama av kontrollutvalet 14.05.19, som innstilte overfor kommunestyret.

I kommunestyremøte 20.06.2019, sak PS 25/19, fatta kommunestyret slik vedtak

1. På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Psykisk helsearbeid og rusomsorg» ber kommunestyret rådmannen syta for at
2. Kommunen føretar ei evaluering på om overbygg for psykisk helsearbeid gjeldande for heile kommunen er tilfredsstillande
3. Kommunen gjennomfører brukarundersøkingar jamnare for å få nyttig styringsinformasjon om tenestetilbodet
4. Kommunen implementerer BTI-modellen (betre tverrfagleg innsats) på tvers av tenestoområde og einingar, som kan bidra til å styrke koordineringa og informasjonsflyten mellom tenestene og skape rutinar og system for samarbeidet med fastlegane
5. Kommunen i samarbeid med Helse Fonna HF sørgjer for at det blir utarbeida system for kommunikasjon omkring ikkje-innlagde pasientar med eit tenestetilbod ved distriktpsikiatrisk senter

6. Kommunenn i samarbeid med Helse Fonna HF sørger for at avtalane om inn- og utskrivning blir praktisert
7. Kommunen utarbeider ei koordinatorhandbok eller andre typar instruksjonsdokument som kan gi koordinatorane støtte i arbeidet med utforming av IP (individuell plan) og i rolla som koordinator
8. Det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.10.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.
9. Handlingsplanen vert lagt fram for politisk behandling i RHO.

RHO - Komité for rehabilitering, helse og omsorg hadde saka oppe 26.09.2019. Det ligg føre handlingsplan med oppfølgingspunkt både for 2019 og utover i 2020. Det vil bli etterspurt status på oppfølginga hausten 2020, som vil bli informert om i årsmeldinga for 2020.

### 6.3 **Forvaltningsrevisjon om plan- og byggesakshandsaming**

Kontrollutvalet tok 24.09.19 initiativ til **Forvaltningsrevisjon om plan- og byggesakshandsaming** i sak PS 45/19.

KPMG utarbeidde så prosjektplan, med slik **føremål**:

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å vurdere om Stord kommune har ei styring og internkontroll med byggesak som er hensiktsmessig og tilstrekkeleg for å ivareta krava som gjeld for byggesaker. I tråd med signal frå kontrollutvalet fokuserer vi på byggesak i denne forvaltningsrevisjonen. Forvaltningsrevisjonen vil vere forbetningsorientert, og vil ha som føremål å gi tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer forbetningsområde.

Basert på føremålet vart det sett opp slike **problemstillingar**:

1. Kva system for internkontroll er etablert for plan- og byggesak?
2. I kva grad er kommunen si etterleving av internkontrollen tilstrekkeleg for å sikre oppfølginga av krava for byggesak?
3. For eit utval av byggesaker; i kva grad etterlevast krava til sakshandsaming i plan- og bygningsloven?

Rapporten vert levert i 2020

Kontrollutvalet vil informera om oppfølgingsarbeidet i årsmelding for 2020.

### 6.4 **Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar.**

Kontrollutvalet bestilte 04.04.17. **Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar.**

Det var førre revisor, Deloitte, som gjennomførte prosjektet. Av ulike årsaker var det noko forseinking undervegs, men utvalet handsama forvaltningsrevisjonsrapporten 15.05.18 i sak PS 27/18, der det vart gjeven slik innstilling:

1. *Kommunestyret ber rådmannen syta for å følgja opp dei 11 tilrådingane inkl. underpunkt, slik dei står oppført i forvaltningsrevisjonsrapport om prosjektstyring og oppfølging av investeringar, kapittel 6 om konklusjon og tilrådingar.*
2. *Kommunestyret ber og om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.10.2018, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

Kommunestyret hadde saka oppe 24.05.18 som sak PS 21/18. og kommunestyret vedtok samrøystes innstillinga frå kontrollutvalet.

Handlingsplan frå rådmannen vart handsama av kontrollutvalet 29.10.18 i sak PS 50/18, og oppfølgingspunkta vart vidare følgt opp i kontrollutvalsmøte 14.05.19 i sak PS 25/19, der det vart fatta slik vedtak:

1. *Kontrollutvalet takkar kommuneadministrasjonen for mykje godt arbeid med å følgja opp tilrådingane i samband med forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringsprosjekt.*
2. *Utvalet er nøgd med tilbakemeldinga og seier seg ferdig med saka.*

Med det er denne forvaltningsrevisjonen avslutta.

## **6.5 Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging.**

Kontrollutvalet handsama **Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging** 29.10.18 i sak PS 51/18, og gav slik innstilling:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging» ber kommunestyret rådmannen syta for:

1. At kommunen må sikre bruk av anskaffingsprotokoller kor dette er eit lovkrav, og desse må gje utfyllande informasjon i samsvar med anskaffingsregelverket, herunder
  - a. Kommunen må betre dokumentasjon rundt anskaffingar.
  - b. Kommunen må sikra at ein ved val av leverandør gjev ei tilstrekkeleg grunngjeving til alle som deltek i konkurransen. Grunngjevinga må innehalde ei konkret vurdering som gjer leverandørane i stand til, på objektivt grunnlag, å forstå kva forhold det er som har gjort at oppdragsgjevar har bedømt det valte tilbod som best ut frå tildelingskriteria.
2. At einingane set i system vurdering av å nytte innkjøpskoordinatoren og innkjøpskonsulenten for å kvalitetssikre det rettslege aspektet i anskaffingsprosessane.
3. At kommunen bør sørge for at det er tydeleg overfor prosjektleiarane kva prosedyrar som skal brukast i kontraktsoppfølgingsarbeidet.
4. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.3.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kommunestyret hadde saka oppe 18.12.18 som sak PS 62/18, og kommunestyret vedtok samrøystes innstillinga frå kontrollutvalet.

Handlingsplanen var oppe i kontrollutvalet sitt møte 10.04.19 i sak PS 16/19, medan ny oppfølging var oppe i utvalet 24.09.19, der det vart fatta slik vedtak:

*«Kontrollutvalet takkar kommuneadministrasjonen for oppfølging i etterkant av forvaltningsrevisjonsrapport om offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging, seier seg nøgd med oppfølgingsarbeidet, og har forventningar om at handboka vert nytta aktivt ifm. prosjekt.»*

Med det er denne forvaltningsrevisjonen også avslutta.

## 7 **Arbeid med selskapskontroll.** **Plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 13 Selskapskontroll lyd slik:

*"Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll."*

Gjeldande plan for selskapskontroll vart utarbeida av Deloitte AS, på bestilling frå kontrollutvalet. Etter at planprosessen var ferdig, laga kontrollutvalet innstilling til kommunestyret på plan for selskapskontroll for 2016 – 2020. Planen vart vedteken i kommunestyremøte 24.11.2016 (Sak PS 85/16).

På kontrollutvalet sitt møte 11.12.2019 bestilte utvalet oppstart av nytt planarbeid, og ba KPMG gjennomføra risiko- og vesentlegvurderingar i Stord kommune, som igjen skal munna ut i to nye planar.

**Basert på ny kommunelov av 2018, vil strukturen på dei nye planane bli litt endra:**

- Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024, skal både innehalda forvaltningsrevisjon av verksemd i Stord kommune (som no) og forvaltningsrevisjon i selskap der kommunen har eigarskap (har før vore del av plan for selskapskontroll).
- Plan for eigarskapskontroll 2020-2024 har fokus på kommunen si utøving av eigarskap i selskap (har før vore del av plan for selskapskontroll).
- Omgrepet selskapskontroll utgår frå lovverket.

### 7.1 **Prosjekt innan selskapskontroll.**

Det vart gjennomført **Selskapskontroll av Podlen Verkstad AS** i 2019, og kontrollutvalet vedtok slik innstilling i møte 11.12.19, sak PS 60/19:

*«På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Podlen verkstad AS ber kommunestyret rådmannen syta for å:*

1. *Utarbeida eigarskapsmeldinga etter KS sin oppdaterte rettleiar for selskapsleiing "Anbefalingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll" framfor "KS Eierforum – 19 råd om eigarskap og selskapsleiing".*
2. *Sikra at styret sin kompetanse er tilpassa verksemda, og sikre at styret jevnlig vurderer eigen kompetanse.*
3. *Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.05.2019 som visar kva tiltak kommunen skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

*På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Podlen verkstad AS ber kommunestyret selskapet syta for at:*

1. *Generalforsamlinga vedtektsfestar at Podlen Verkstad skal ha ein valkomité.*
2. *Styret til Podlen Verkstad etablerer faste rutinar for å handtere habilitetskonfliktar.*
3. *Podlen verkstad bør etablere overordna mål for verksemda på alle område, inkludert HMS.*
4. *Å gjera risikovurderingar opp mot alle mål, irekna på personvernområdet. Alle risikovurderingar bør samanstillast i ROS-analysen.*

5. *Podlen verkstad etablerer eit digitalt, logisk oppbygd internkontroll- og HMS-system.*
6. *Podlen verkstad bearbeidar protokollen og personvernerklæringa.*
7. *Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.05.2019 som visar kva tiltak selskapet skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Rapporten vart handsama av kommunestyret i 2020, og det er tenkt å orientera om oppfølging av vedtaket i årsmeldinga for 2020.

## **8 Arbeid med rekneskapsrevisjon. Den økonomiske situasjonen i Stord kommune.**

### **Rekneskap for Stord hamnestell for 2018:**

Rådmann, økonomisjef og einingsleiar var tilstades, og svara på spørsmål frå kontrollutvalet, då årsrekneskapen vart handsama i møte 14.05.19. som sak PS 28/19.

Rekneskapen for 2018 synte driftsinntekter på kr. 16.428.806 og eit rekneskapsmessig driftsresultat på kr. 6.202.111. Det gjev eit driftsresultat på 37,75 % (Sett opp mot sum driftsinntekter).

Følgjande uttale vart fatta:

1. *Kontrollutvalet støttar seg til KPMG sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamnestell for året 2018, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.*
2. *Uttalen vert send kommunestyret via formannskapet*

### **Årsrekneskap for Stord kommune for 2018:**

Kontrollutvalet handsama i møte 14.05.2019, i sak PS 29/19, årsrekneskapen i Stord kommune for 2018. Rådmann Magnus Mjør og økonomisjef Hege Etterlid orienterte i saka og svara på spørsmål frå kontrollutvalet. Det vart mellom anna gjeve slik uttale til rekneskapen:

Av rekneskapen for 2018 har kontrollutvalet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 2.038.079, dvs. netto resultatgrad på 0,14 % (Sett opp mot sum driftsinntekter).

Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på nettoresultatgrad på 2,5 % i 2018. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

Kontrollutvalet hadde bl.a. dette med i oppsummering i sin uttale:

- Totalt sett har Stord kommune ei særstort lånegjeld og eit disposisjonsfond monaleg under tilrådingar frå Riksrevisjonen.
- Netto driftsresultat er også langt under tilrådinga frå Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU).



## 9 Skatteoppkrevjarfunksjonen

Kontrollutvalet handsama årsrapport for 2018 og kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Stord kommune i sitt møte 25.02.19. som sak PS 8/19.

Kontrollutvalet gav slik uttale:

1. *Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Stord kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte.*
2. *Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Stord kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2018 og rapport etter stadleg kontroll vert teke til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.*

Kontrollutvalet bad samstundes om ei orientering frå skatteoppkrevjaren i påfølgjande møte om arbeidsgjevarkontrollen, auke i uteståande krav og selskapsskatten. Det vart gjeve ei god orientering i utvalsmøtet 10.04.19, sak PS 14/19.

## 10 Tilsyn.

Det er fleire eksterne instansar som har tilsyn med kommunane. I 2019 har kontrollutvalet blitt førelagt dokument som gjeld slike tilsyn med Stord kommune:

- Kystverket vest - Orientering om tilsyn med Leirvik hamn hausten 2018
- Statens vegvesen – Tilsyn i høve vilkårsparkeering, Stord kommune
- Arkivverket - tilsyn med Stord kommune – fokus på arkivorganisering og elektronisk arkivdanning, mellom anna arkivplan, journalføring og fagsystem.

Det har truleg vore utført andre tilsyn også, bl.a frå Fylkesmannen i Vestland.

Dessutan har utvalet dette året sett på rapport etter nokre kommunale tilsyn:

- Tilsynsrapport Stord sjukeheim oktober 2018
- Tilsynsrapport Rehabiliteringssenteret oktober 2018

## 11 Andre saker / orienteringssaker i kontrollutvalet i 2019 (Ikkje uttømande)

- Budsjettbrev 2019 frå Fylkesmannen i Vestland til Stord kommune
- Rekneskapsrapport for kontrollarbeidet i 2018
- Budsjettstode for kontrollutvalet sitt budsjett for 2019
- Forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Stord kommune for 2020
- Årsmelding 2018 for kontrollutvalet
- Stord kommune sin praksis relatert til den såkalla «Tolgasaka» om psykisk utviklingshemma.
- Innspel til reglement for godtgjersle til folkevalde
- Melding om budsjettrevisjonar, tertialrapportar og Fylkesmannen sitt skriv om kommuneproposisjonen.
- Henvendingar frå innbyggjarar.
- Informasjon om revidert eigarskapsmelding.
- Evaluering av kontrollutvalsarbeidet 2015 – 2019, i siste møte i valperioden.
- Informasjon om evalueringsarbeidet i første møte i nytt utval.
- Andre oppstarts-saker for nytt utval, om td. rutinar i kontrollarbeidet, teieplikt mv.

## **12 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)**

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Stord kommune er medlem i FKT, og deltar vanlegvis på årleg fagkonferanse med årsmøte, i månadsskiftet mai / juni.

Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid er og lagt fram som melding til kontrollutvalet. Det same gjeld vegleiarar som FKT utarbeidar, td. ny vegleiar om kontrollutvalet sitt «påse-ansvar» overfor rekneskapsrevisor.

## **13 Opplæring**

Som del av revisjonsavtalen sin fastpris, skal revisor tilby lokale kurs etter bestilling frå kontrollutvalet. Såleis gjennomførte KPMG kurs om internkontroll i 2019.

Vidare har heile det nye utvalet påmeldt folkevaldopplæring for dei kommunale kontrollutvala i tidlegare Hordaland fylke, som Vestland fylkeskommune v/ sekretariat for kontrollutvalet arrangerte vinteren 2020.

Kontrollutvalet brukar og å delta på NKRF sin årlege kontrollutvalskonferanse på Gardermoen i månadsskiftet januar / februar.

## **14 Kontrollutvalet på Stord kommune si heimeside**

Kontrollutvalet nyttar elektronisk innkalling til møter og utsending av saker. For å samordna kontrollutvalet si sakshandsaming med øvrige politiske møter, er det viktig å henta aktuelle dokument, og å kunna finna opplysningar lett tilgjengeleg på heimesida til kommunen.

Stord kommune har tilrettelagt og tilpassa heimeside på ein relativt god måte for kontrollutvalet sine saker.

Stord, 18.05.2020

Fredrik Litleskare  
Kontrollutvalsleiar Stord kommune

Kontrollutvalet  
c/o Sekretariat for kontrollutvalet  
Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900, 5020 Bergen  
telefon: 55 23 90 00  
e-post: [hogne.haktorson@hfk.no](mailto:hogne.haktorson@hfk.no)  
e-post: [roald.breistein@hfk.no](mailto:roald.breistein@hfk.no)  
e-post: [kjartan.haugsnest@hfk.no](mailto:kjartan.haugsnest@hfk.no)  
e-post: [helge.inge.johansen@hfk.no](mailto:helge.inge.johansen@hfk.no)  
e-post: [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)